

PROSJEKTSPEKIFIKASJON

Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark

-endringsprosessar, styring og eigarskap

Oppdatert dato: 21. juni 2016

Innhold

1. Mål og rammer	3
1.1 Prosjekt mål	3
1.1.1 Effektmål	3
1.1.2 Resultatmål	3
1.2 Bakgrunn / Nosituasjon	4
2. Prosjektskildring	5
3. Organisering	11
3.1.1 Modell – prosjektorganisering	12
3.2 Ressursbruk	13
4. Framdriftsplan og milepelar	14
4.1 Framdriftsplan med fristar og ansvarsfordeling for hovudaktivitetane i prosjektet.	14
5. Risikoanalyse og kvalitetssikring	15
5.1 Kritiske suksessfaktorar	15
5.2 Kvalitetssikring	15
6. Fakta om PLP-metoden	16

1. Mål og rammer

1.1 Prosjektmål

1.1.1 Effektmål

Gjennom samhandling over kommunegrenser er regionen attraktiv for busetnad, arbeid og oppleving.

Ein vil ha fokus på å ivareta kommunanes og innbyggjaranes interesser med tanke på tenestenivå, lokalstyring og sterke fagmiljø gjennom interkommunalt samarbeid.

1.1.2 Resultatmål

Det er fastsett fem målområde: Økonomi, samfunnsutvikling, demokrati, myndighetsutøving og tenester, og følger områda som er arbeidd med i kommunereformen i Vest-Telemark.

Ein skal også vurdere samarbeid mellom færre enn seks-kommunar.

Økonomi

Resultatmål: Identifisere dei områda som ein har både økonomisk og fagleg grunnlag til å etablere meir samarbeid. Samarbeidet må føre til betre ressursutnytting på tvers av kommunegrensene.

Samfunnsutvikling

Resultatmål: Ein skal identifisere felles organisatorisk infrastruktur mellom to eller fleire kommunar i Vest-Telemark. Det er ei målsetting å etablere lokaliseringsplan og at det vert lokalisert interkommunalt samarbeid i kvar kommune.

Myndighetsutøving

Resultatmål: Ferdigstilt forslag til styring og rapportering med eksisterande og nye interkommunale samarbeid. *Etablere oversikt på "område der kommunane utøver forvaltningsoppgåver i medhald av særlov" (enkeltvedtak) og det er aktuelt å etablere interkommunale samarbeid.* Ein skal også vurdere samarbeid mellom færre enn seks-kommunar"

Tenester

Resultatmål: *Identifisere og prioritere dei områda som har både økonomisk og fagleg grunnlag til å etablere meir samarbeid. Ein skal ha særleg fokus på område som krev spesialistkompetanse. Samarbeidet må føre til betre ressursutnytting.*

Demokrati

Resultatmål: Sikre overordna politisk styring av dei interkommunale samarbeida, regionalt og kommunevis.

1.2 Bakgrunn / Nosituasjon

Kommunane i Vest-Telemark har gjennomført eit forprosjekt knytt til kommunereformen. Arbeidet blei gjennomført i regi av Vest-Telemarkrådet, med Telemarksforsking som ekstern utgreiar og prosessrettleiar.

Forprosjektet hadde fokus på utgreiing av fordelar og ulemper ved gitte endringar i kommunestrukturen i regionen, herunder arbeide fram intensjonsavtaler som grunnlag for innbyggjarhøyring og seinare politisk handsaming. I tillegg omfatta forprosjektet drøfting av fordelar og ulemper ved ei vidareføring av dagens kommunestruktur med forplikting om meir interkommunalt samarbeid.

Arbeidsgrupper på ulike område og tema (økonomi, samfunnsutvikling, tenester og demokrati samt mynde og overordna styring) ved interkommunalt samarbeid, var i sving under gjennomføringa av forprosjektet. Arbeidsgruppene var samansett av fagleiing, hovudverneombod og hovudtillitsvald frå alle kommunane. Dette har aktualisert gjennomføring av eit vidare arbeid spesifikt på interkommunalt samarbeid i regionen.

Rådmennene som styringsgruppe har utarbeidd prosjektmandat som dannar grunnlag for det vidare arbeidet. Fylkesmannen har løyvd 1 mill kr til arbeidet gjennom skjønnsmidlar til fornyings- og utviklingsprosjektet.

2. Prosjektskildring

Det er ein klar intensjon at prosjektet derfor også skal munne ut i konkrete etableringar av nye, formelle interkommunale samarbeidstiltak blant kommunane i Vest-Telemark. Utgreiingsarbeidet i prosjektet skal i denne samanheng mellom anna drøfte kva som synes å vere mest føremålsteneleg organisering av dei enkelte samarbeidstiltaka.

Arbeidet fylgjer målsettinga med prosjektet i tråd med dei fem målområda: økonomi, demokrati, samfunnsutvikling, myndighetsutøving og tenester, og fylgjer områda som er arbeid med i kommunereformen i Vest-Telemark. Arbeidet frå dei interkommunale arbeidsgruppene i forprosjektet med kommunereformen ligg til grunn.

A - Økonomi

Resultatmål: Identifisere dei områda som ein har både økonomisk og faglege grunnlag til å etablere meir samarbeid. Legge til rette for felles ressursutnytting på tvers av kommunegrensene.

Tiltak:

- Standardisere så mykje som råd på systemnivå på tvers av alle kommunane.
- Prioritert liste over område ein har økonomisk og fagleg grunnlag for samarbeid:
 - Løn
 - Skatt
 - Rekneskap
 - Kraftspørsmål – konsesjonskraft og eigedomsskatt

Metodikk: Ein skal utgreie fordeler og ulemper med for dei aktuelle områda, og gjennomføre konsekvensutgreiing for deltaking.

B - Samfunnsutvikling

Resultatmål: Ein skal identifisere felles organisatorisk infrastruktur mellom to eller fleire kommunar i Vest-Telemark. Det er ei målsetting å etablere lokaliseringsplan for interkommunalt samarbeid. Det vert lokalisert interkommunalt samarbeid i kvar kommune.

Tiltak:

- Lokaliseringsplan for interkommunale samarbeid. Det skal arbeidast med planen i eit lokaliseringsutval. Praktiske ordningar for lokalisering skal arbeidast med - ein treng ikkje samlokalisere for "ein kvar pris". Utvida samarbeid/større fagmiljø kan redusere konsulentbruk.

- Liste over område ein har økonomisk og fagleg grunnlag for samarbeid:
 - Integrering
 - Attføring
 - Beredskap / brann
 - Reiseliv
 - Næring
 - Landbruk
 - Plan
 - Arbeid knytt til ByR-programmet med særleg fokus på felles samfunnsutvikling
 - Folkehelse

Metodikk: Ein skal utgreie fordeler og ulemper med for dei aktuelle områda, og gjennomføre konsekvensutgreiing for deltaking.

C - Myndighetsutøving

Resultatmål: Etablere oversikt på "område der kommunane utøver forvaltningsoppgåver i medhald av særlov" (enkeltvedtak) og det er aktuelt å etablere interkommunale samarbeid. Ein skal også vurdere samarbeid som er " færre enn seks-kommunar".

Tiltak:

- Arbeidet frå den interkommunale arbeidsgruppa ligg til grunn. Liste over område ein har økonomisk og fagleg grunnlag for samarbeid:
 - Tenestekontor
 - Miljø og naturforvaltning
 - Sakshandsaming av sosialstønad, bustønad og Startlån
 - Kommuneoverlege

Metodikk: Ein skal utgreie fordeler og ulemper med for dei aktuelle områda, og gjennomføre konsekvensutgreiing for deltaking.

D - Tenester

Resultatmål: Identifisere og prioritere dei områda som ein har både økonomisk og faglege grunnlag til å etablere meir samarbeid. Ein skal ha særleg fokus på område som krev spesialistkompetanse. Samarbeidet må føre til betre ressursutnytting.

Det skal resultere i god oversikt med forslag til samhandling for å sikre politisk styring av dei interkommunale samarbeida i regionen.

Tiltak:

- Liste over område ein har økonomisk og fagleg grunnlag for samarbeid:
 - IKT
 - Rus & psykiatri
 - Byggesak
 - Dagsenter for demente - Forsterka demensavd.
 - Rehabilitering
 - Felles kommunepsykolog
 - Psykiatri ØHD plasser/rus
 - Samarbeid om legevakt
 - Jordmorsamarbeid
 - Folkehelse
 - Felles vikarbank PLO/renhold/fagarbeider
 - Felles botilbud PU
 - Vatn og avløp
 - IKT - Velferdsteknologi

Metodikk: Ein skal utgreie fordeler og ulemper med for dei aktuelle områda, og gjennomføre konsekvensutgreiing for deltaking.

E - Demokrati

Demokrati

Resultatmål: Sikre overordna politisk styring av dei interkommunale samarbeida, regionalt og kommunevis.

Tiltak:

- Innføre felles modell for styring og rapportering med eksisterande og nye interkommunale samarbeid. Ein ser dette som eit tiltak for ein betre kontakt mellom Vest-Telemarkrådet og kommunestyra i dei seks kommunane:
 - Fastsette viljeserklæring og vedtekter for utvida rolle for VTR.
 - Innføre rutine for handsaming av årsmelding og tertialrapportar for interkommunale selskap i kommunestyra.
 - Utvide årsmelding og tertialrapportering frå VTR til å omfatte dei interkommunale samarbeida, der det rapporterast på måloppnåing og økonomiske resultat.
- Ein skal søkje erfaring frå andre regionar og kommunar, og overføre dette til vårt samarbeidsprosjekt.

Framgangsmåte: Ein skal søkje erfaring frå andre regionar og kommunar, og hente faktaopplysingar frå tidlegare utreiingar knytt til temaet.

3. Organisering

Arbeidet er organisert etter PLP-metoden. Fakta kring denne metoden er skildra i slutten av dette dokumentet.

Det er kommunane i Vest-Telemark som står som eigarar av prosjektet. Vest-Telemarkrådet har i oppdrag å finansiere og gjennomføre dette, og rådmann Ketil Kiland er prosjektansvarleg (PA). Det er etablert ei styringsgruppe bestående av rådmennene, og ei referansegruppe bestående av hovudtillitsvald og hovudverneombod i kvar kommune.

Oppdragsgjevar skal peike ut prosjektansvarleg. I dette prosjektet er det ei samla rådmannsgruppe som har fastsett prosjektansvarleg for prosjektarbeidet.

Start: Rådmennene utarbeider projektspesifikasjon 18. april 2016

Slutt: Implementering 31.12.2017

Prosjekteigerar: Kommunane i Vest-Telemark

Styringsgruppe: Rådmannsutvalet i VT. Rådmennene involverer politisk nivå i sin kommune.

PA: Ketil Kiland

PL: Kjell Gunnar Heggenes


Referansegruppe: Hovudtillitsvald og hovudverneombod frå kvar kommune. PA og PL har dialog med referansegruppa i prosessen.

Lokaliseringsutval: Er samansett av ordførarane og rådmennene i kommunane. Utvalet er knytt til arbeidet med lokaliseringsplan for interkommunale samarbeid.

Eksterne ressursar¹: Nyttast til praktisk framdriftsbistand og aktuelle utgreiingsarbeid.

¹ Ein vil først søkje ekstern bistand i eige nettverk gjennom å kontakte andre regionråd og samarbeid vi kan hente erfaring frå. Ein vil også nytte inngåtte eksisterande rammeavtaler og mini-konkurranse for ekstern bistand der ein ser at desse kan nyttast.

3.1.1 Modell – prosjektorganisering



Figur 1: Oversikt over prosjektorganisering.

3.2 Ressursbruk

Budsjett:

Prosjektbudsjettet har ei ramme på 2 mill. kr, fordelt med 800' til ekstern bistand, 200' til rapportering og møteverksemd og 1.000' som innsats frå kommunane og interkommunale samarbeid.

Finansiering:

Finansieringsplanen legg til grunn 1.000' i skjønnsmidlar frå fylkesmannen (som altså ligg føre tilsagn om allereie), 150' frå kvar kommune og 100' frå VTR.

Prosjektet har fått utløyst 1 mill. kr i skjønnsmidlar frå Fylkesmannen.

Ekstern bistand:

Ein vil først søkje ekstern bistand i eige nettverk gjennom å kontakte andre regionråd og samarbeid vi kan hente erfaring frå. Ein vil også nytte inngåtte eksisterande rammeavtaler og mini-konkurrans for ekstern bistand der ein ser at desse kan nyttast.

4. Framdriftsplan og milepelar

Arbeidet med prosjektspesifikasjonen saman med *konkretisering av aktuelle samarbeidsprosjekt* vert ferdigstilt med samarbeid mellom PA og PL, og leggst fram for styringsgruppa 07.06.2016.

Forarbeid knytt prosjektet vert gjennomført fram til hausten 2016.

Politisk forankring og involvering i kommunane skjer etter sommaren 2016.

4.1 Framdriftsplan med fristar og ansvarsfordeling for hovudaktivitetane i prosjektet.

Aktivitet	Skildring	Ansvar	Start	Frist
A1	Ferdigstille prosjektspesifikasjon	PL og PA	19.04.2016	15.05.2016
A2	Konkretisering av aktuelle samarbeidsprosjekt. Førrebuing til presentasjon i styringsgruppa	PL og PA		07.06.2016
A3	Prosjektspesifikasjon leggst fram for rådmannsutvalet i VT.	PA	07.06.2016	-
A4	Fellesmøte med referansegruppa og Styringsgruppa. Gjennomgang av prosjektspesifikasjon. Samansetting av styringsgruppa fastsettast. Godkjenning av prosjektskisse.	PL og PA	21.06.2016	
A5	Forankring i kommunane	Styringsgruppa	-	01.10.2016
A6	Gjennomføring av tiltak	PL	01.10.2016	01.04.2017
A7	Orientering i VT Tinget	PA	-	15.05.2017
A8	Handsaming i kommunestyra	Styringsgruppa	-	01.07.2017
A9	Iverksetting av vedtekne samarbeid		-	31.12.2017

5. Risikoanalyse og kvalitetssikring

5.1 Kritiske suksessfaktorar

Involvering vil vera ein kritisk suksessfaktor i arbeidet. Dette gjeld både politikarar og dei tilsette i kommunane. Dette er hovudgrunn for at ein vel å etablere *referansegruppe med* dei tillitsvalde og hovudverneombod. PA og PL har dialog med referansegruppa og lokaliseringsutvalet i prosessen.

Lokaliseringsutvalet er samansett av ordførarane og rådmennene i kommunane. Utvalet er knytt til arbeidet med lokaliseringsplan for interkommunale samarbeid.

Om ein ser trong til å etablere arbeidsgrupper er uklart, og vil etablerast ved trong.

Arbeidet er ein konsekvens av tidlegare arbeid knytt til kommunereformen. Det er viktig at dei involverte kjenner seg att i løysingane, og ser at dette er ein oppfylging av ein gjennomført politisk og demokratisk prosess.

Involvering av tilsette.

5.2 Kvalitetssikring

Prosjektleder har eit overordna ansvar for kvalitetssikring, og prosjektansvarleg og styringsgruppa vert involvert i vurderingar knytt til det arbeidet.

6. Fakta om PLP-metoden

(OBS! Skildringa under er på bokmål.)

Rolle og ansvarsdeling mellom prosjekteiere

Forankring: A, B eller C eier (avtvinge/aksept for rolle/ansvar)

A-eier: En eier som bidrar med betydelige midler og som kan opptre som oppdragsgiver. Det stilles klare krav til fremdrift (oppfølging underveis) og resultat

B-eier: En eier som bidrar med (betydelig) midler og som stiller krav til prosjektresultat og anvendelse av midler

C-eier: En eier som bidrar med midler eller «moralsk støtte» og ikke stiller krav til prosjektet

Oppdragsgiveransvaret (OG):

En av prosjekteierne må påta seg rollen som OG

OG er ansvarlig for at projektrammene og finansiering er i orden på vegne av prosjekteierne
OG har fullmakt på vegne av eierne til å gi prosjektoppdraget til Prosjektansvarlig

Prosjektoppdraget:

Prosjektoppdraget kan i prinsippet uttrykkes så vel muntlig som skriftlig. I PLP kreves at prosjektspesifikasjon skal formuleres skriftlig.

Består av følgende logiske elementer:

- **Fullmakt:**
 - Utnevnelse av Prosjektansvarlig
 - Rapportering, finansiering, kontrakt
- **Prosjektspesifikasjonen** er oppdragsgivers beskrivelse av oppdraget. Spesifikasjonen skal omhandle følgende:
 - Prosjektnavn
 - Prosjektmål
 - Nåsituasjon
 - Prosjektbeskrivelse
 - Prosjektorganisering
 - Ressursbruk

Prosjektansvarlig (PA):

- Har ansvar for at prosjektet gjennomføres innen vedtatte rammer
- Har ansvar for at beslutninger tas, herunder at prosjektet stoppes / endres dersom dette synes riktig.
- Representerer eierne i daglig styring av prosjektgjennomføringen
- Er prosjektleders nærmeste overordnede

Prosjektleder (PL):

- Leder prosjektmedarbeiderne i gjennomføring av oppgaven
- Rapporterer til PA

Prosjektplan:

- Prosjektspesifikasjonen danner grunnlaget for utforming av en prosjektplan
- Er en kontrakt mellom PA og PL.
- Er en hovedplan for hvordan prosjektet skal gjennomføres for å levere resultater iht. projektspesifikasjonen (bestillingen).
- Prosjektleder er hovedansvarlig for å lage en prosjektplan. Lages gjerne sammen med aktuelle prosjektdeltakere og evt. med PA i et verksted.